

Vår saksbehandlar: Bente Kristin Risan

Vår dato:
06.12.2019
Dykkar dato:
05.12.2019

Vår referanse:
2019/14227
Dykkar referanse:

Radøy kommune

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar haust 2019 – Vidareutdanning for barnehagelærarar

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018.

Denne utbetalinga gjeld tilretteleggingsmidlar for barnehagelærarar i kommunale og ikkje – kommunale barnehagar i dykker kommune, som tek vidareutdanning studieåret 2019/2020. Direktoratet ber om at kommunen som barnehagemyndigheit utbetaler tilretteleggingsmidlar til barnehagane det gjeld.

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar for haust 2019:

Utbetaling av tilretteleggingsmidlar for haust 2019 føreset at barnehageeigaren/ leiaren i ikkje - kommunale barnehagar, stadfestar at barnehagelæraren deltek på studiet i haustsemesteret. Barnehageeigaren/ leiaren i ikommunale og private barnehagar har plikt til å registrere i søkjesystemet om den tilsette sluttar på studiet.

Oversikt over kva for barnehagelærar utbetalinga gjeld, finn de i søknads- og oppfølgingssystemet på [htt://komp.udir.no/extranet](http://komp.udir.no/extranet). Merk at kommunen har to roller i dette systemet:

- *Søknadsbehandlar* for å behandle søknader frå barnehagelærarar i kommunale barnehagar.
- *Barnehagemyndigheit* for å utbetale tilretteleggingsmidlar til vidareutdanning for barnehagelærarar i kommunale og ikkje- kommunale barnehagar i kommunen.

For å få oversikt over kven utbetalinga i dette brevet gjeld, må de velje modulen «vidareutdanning barnehagetilsette 2019» under overskrifta «Barnehagemyndigheit».

- Tilretteleggingsmidlane er berekna ut frå opplysningar per 27.11.2019.
- Dersom deltakaren har trekt seg etter studiestart, vil barnehagen få avkorta utbetalinga av tilretteleggingsmidlane.
- Barnehagelærarar som er godkjende av barnehageeigaren, men som ikkje har fått tilbod om å delta på studiet, står oppført med status « Avslått av Utdanningsdirektoratet». Det blir ikkje gitt tilretteleggingsmidlar for desse.

I vedlegget finn de oversikta over barnehagar og barnehagelærarar som dannar grunnlaget for utbetalinga. Følgjande vil om kort tid bli utbetalt til Radøy kommune kontonummer 36360700776.

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Tilretteleggingsmidler	35000,00	Jul-Des	—	35 000,00
Totalt:	35000,00			35 000,00

Utbetalinga er merkt «Barnehage – tilretteleggingsmidlar vidareutdanning».

Vilkår for utbetalinga

Tilretteleggingsmidlane skal utbetalast til barnehagane det gjeld. Barnehagen får 70000 kroner for tilsette som tek 30 studiepoeng over to semester studieåret 2019/2020. Utbetalinga for hausten 2019 er på 35 000 kroner.

Tilretteleggingsmidlane skal komme den tilsette som studerer til gode. Tilsette kan blant anna ha behov for permisjon med lønn. Midlane kan også brukast til å dekkje vikarutgifter når den tilsette er på studiesamling, kjøp av bøker, betaling av reiseutgifter og opphaldsutgifter.

Tilsegn om midlar er gitt med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for 2019.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom barnehageeigarar ikkje har gitt riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brote vilkåra for midlane, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake midlar eller krevje dei tilbake. Ved feil utrekning eller utbetaling av midlar kan det gjerast avrekning i påfølgjande tildelingar.

or ytterlegare informasjon om ordninga viser vi til: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/etter-og-videreutdanning/pedagoger-barnehage/barnehageeiermyndighet/tilretteleggingsmidler-for-barnehageeiere/>

Med helsing

Ida Large
avdelingsdirektør

Bente Kristin Risan
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Vedlegg: Oversikt over barnehagelærarar som utgjer grunnlag for utbetaling